

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 03.12.2008
Sakhandsamar: Oddvard Nilsen
Saka gjeld: **Styret si eigenevaluering**

Styresak 135/08 B

Styremøte 11.12. 2008

God verksemdstyring inneberer mellom anna at styret treng ein god eigenevaluering. Gjennom eigenevalueringa vil ein kunne få betre kunnskap om dei forhold som påverkar styret sitt arbeid, og ein vil kunne få økt grad av konsensus kring styret si rolle og arbeid og korleis det fungerer i dag. I tillegg vil eigenevalueringa synleggjere område som det er viktig å forbetre.

Revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF blei vedteken i styremøte 6. september 2006, sak 073/06 B. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evalueringa av administrerande direktør, jf. styreinstruksen pkt. 4.2 anna og tredje avsnitt.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei vedteken i styremøte 14. desember 2007 – sak 126/07 B.

Sjølv om saksdokumenta i saka ikkje bør vere unntatt offentlegheit, rår styreleiar til at saka blir behandla i lukka møte. Ein visar til offentleglova § 5 første ledd som mellom anna har til formål å gi moglegheit for fortruleg diskusjon i saker der det er reelt og sakleg behov for det.

Vedlegg:
Mal for styret si eigenevaluering